

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1258
5943 Austrheim

Vil du støtte arbeidet til Austrheim kyrkjelyd?

Kyrkjebakken
Konfirmantar
Salmekvelder
Bursdagshelsing til dei over 80 år

Diakonifestar
Misjonsprosjekt
Bygdatreff
Trusopplæring
Temakvelder

Bli fastgjevar



Skann QR kode, eller ta kontakt med kyrkjekontoret



Kyrkjebakken nr. 8 – 2025 – oktober – årgang 54– Nytt stoff innan 14.november



KYRKJEBAKKEN
Informasjonsblad for Austrheim sokn



Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Bodil Monslau 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:
Sokneprest: Trefftid etter avtale
Kyrkjeverje:

Bustadtelefonar:
Stein Hugo Fykse 909 60 154
Kyrkjeverje Jostein Hauge 404 66 211
Organist Lyder Minde Janøy 930 52 962
Kyrkjetenar Gry Haukeland 413 08 558
Soknerådsleiar
Helge Dyrkolbotn 416 62 610
Trusopplærar
Amelie K. Storebø 483 57 027

Redaksjonen
Epost kyrkjebakken:
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgjevar: Austrheim sokneråd
Redaktør: Jostein Hauge,
Redaksjon: Jorunn Kårdal,
Britt Rebnord,

Adresse: 5943 Austrheim
Trykk og Design Trykk-Service as

Framsidede av Konfirmantar:
Carsten Rasmussen

Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside, facebook og
plakat
for eventuelle endringar.

Onsdag 29.okt kl. 11-13
Bygdatreff

Søndag 02.nov kl. 19.30

Helgemesse
Minnast dei som har gått
bort siste året

Søndag 16.nov kl. 17.00
Gudsteneste

Onsdag 26.nov kl. 11-13
Bygdatreff

Laurdag 29.nov kl. 19.00
Lysmesse med konfirmantane

Søndag 30.nov
Konsert med Hans Inge Fagervik

UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN

Frist innlevering: Kyrkjebakken kjem ut:

14. november (julenummer)	26. november (julenummer)
16. januar	28. januar
13. februar	25. februar



Haustrøyst

"Jeg trodde lenge at jeg gjennom livet var underveis til livets aften, og at den rosa stripen som venter i horisonten var en solnedgang. Men Jesus har sagt at vi som er i hans følge, vi har gått over frå døden til livet, og vi er underveis til en morgen. Vi er underveis til en soloppgang, hvor Gud skal bli alt i alle. Vi er underveis til Guds evige sommerdag."

Orda er avdøde prest og forfattar Karsten Isachsen sine. Dei handlar om høgtida som snur opp ned på alle våre forestillingar om liv og om død; Påsken. No på hausten har vi ein søndag som ber navnet haustens påskedag. Det er vel for at vi kan trenga litt haustrøyst.

Først liv og så død, tenker vi. Vi er på vei mot solnedgangen. Det er rekkefølga.

Så kjem Jesus seier noko anna: Du er i mitt namn på vei til livets morgon. På vei imot den evige lyse somardag.

"Ein fin liten blome i skogen eg ser", er ein vakker song med ukjent forfattar som Bjørn Eidsvåg har sett tone til.

Liten blome i stor skog. Den er ikkje så lett å få auge på. Men den som har augene med seg og og tid nok til å bøya seg ned å sjå, får sjå eit lite under og får hjelp til å tenka stort og klokt. Den vesle blomen har nokke å læra oss. Læra oss om Skaparen, om livet, om det å vera menneske.

Kvifor har Gud skapt denne blomen som så få legg merke til? Kvifor skal den stå der

å lysa så fint når kanskje ingen ser den og så bli borte – borte som om den aldri har eksistert?

"Ein dag vil den stormande vinter deg nå, då vert det vel dødsdagen din. Då kviler eg lunt og har snøåpa på, til vårsola kysser mitt kinn".

Bibelen talar om menneske som lignar graset og blomen på marka. Vi blir borte og staden vi var på vil etter kvart gløyma oss.

Ja, ein dag blir vi borte, men ikkje for godt.

For det kjem ein vår. Med vårsola kjem livet. Blomane sprett opp, unge friske og vakre som forrige vår.

Våren er eit bilde på den evige lyse somardag som ventar i Guds rike.

Livet har ikkje tapt, fordi Jesus har vunne.

Salmediktaren seier uttrykker det slik:

"Ja, glad skal eg vakna hos Jesus eingong, i morgonen æveleg klår, og blanda med heilage englar min song i himlen, dit døden ei når!"

Stein Hugo Fykse
-spr-





BEDEHUSDAGEN

ÅRÅS BEDEHUS LØRDAG 15.NOV. KL.13.00

Andakt ved Lars Arne Markhus. Det vert kafè, årelotteri, tombola og trekning av loddbøker.

Konter og Vipps kan brukast.
Om du vil støtte med ein gevinst kan han leverast på bedehuset torsdag 13.nov kl.18.

Du kan på førehand kjøpe lodd på VIPPS: #518275 (Austrheim Indremisjon) Merk med «lodd» i kommentarfeltet.

ÅRÅS BEDEHUS

- Søndag 2.nov. 11:00 Søndagsmøte Odd Sverre Hove talar
- Ønskekonserten 10.nov. 17:00 Allsong fra sangboka.
- Lørdag 15 nov. 13:00 Bedehusdagen. Sjå separat annonse.
- Søndag 30.nov. 11:00 Møte m.nattv. Christian Skoge talar.
- Søndag 14. des. 11:00 Adventsmøte, Ole Corneliussen talar.
- Kjellaren for 5-8. trinn. Onsdagar 18:00-19:30



Velkommen til samlingane! www.austrheimindremisjon.no
Austrheim Indremisjon på Facebook.



Austrheim sokn

Gravlagde

10.10.2025 Erna Austrheim f.1937

24.10.2025 Edith Karin Kvale f.1951

Dåp

12.okt:
Håkon Leikvoll Solibakke
Magnus Leikvoll Solibakke

26.okt
Ellinor Jenny Haaland-Grøttveit
Jonathan Tresvik Solberg
Matheo Sognnes Norheim
Aslak Nåndal



Takke

Til diakoninemda for
Oppmerksomheten på dagen min.
Takk til Britt som kom med den.

Helsing Esther Øksnes

Hjartleg takke

til diakoninemnda
for gode hjarte i anledning 80-års
dagen min, og tusen takk til Målfrid,
som kom med dei.

Helsing Karin Haugen

Takke

Takk til diakoni nemnda for helsinga,
og for sjokoladen som jeg fekk til
gebursdagen min.
Takk til Anny som kom på besøk.
Me hadde ei kjekk stund og ein
koselig prat i lag.

Helsing Konstanse Sætre

Takke

Til Diakonnemda, med gode ynskje til
min 88 årsdag.
TAKK . Til Arne Bertelsen som kom
med hjerte sjokoladen.

Hilsen Moritz Hopland

Takke

Ei varm takk til alle som kom og var
med oss i bisettelsen til vår kjære
Rigmor Irene Askvik.

Ei stor takk til heimesjokepleien og
personalet ved Nordliheimen for god
pleie og omsorg.

Takk til Vatne begravellesbyrå
v/ Rune og tusen takk for blomster og
helsingar. Det blei ein fin og
minneverdig seremoni.

Helsing Ludvig og Randi m/fam



Pensjonistforbundet
Austrheim

MEDLEMSMØTE

Pensjonistforbundet har møte i Kilstraumen onsdag
19. november kl. 12.00.

Kåsør: Kåre Ness.

Song og musikk. Åresal, med trekking av gevinster.
Matøkt med snitter, kaffi og sosialt prat rundt borda.

Kostnad 200 kr til Vipps 859233, eller du betalar ved
døra. Påmelding anten ved vipps eller
mobil nr. 993 71 995.

Velkommen til hyggelig samvær!



KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM




Fulebasar på Litlås bedehus

**fredag 28 november
kl 18.00.**

*blir det basar på Litlås
bedehus.*

*Andakt ved Asle Hetlebakke
Det blir åresalg, lynlotteri,
salg av litt julebakst og
handarbeid.*

Velkommen!



ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

Heilside	1000,-
Halvside	500,-
1/3 side	350,-
1/4 side	250,-
Små annonser	150,-
Takkeannonser	GRATIS!

DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no



Salmekveld

Som del av 160 årsjubileet til Austrheim kyrkje har det vore mange forskjellige arrangement gjennom året. Denne gongen var det salmekveld som stod på planen, og det vart ein flott kveld i kyrkja. Austrheim er veldig heldige som har ei forsangargruppe som er med på gudstenester, noko dei har vore med på i snart 10 år. Det var 7 songarar som stilte opp og leia forsamlinga i dei forskjellige songane og salmane. Jostein Hauge har som kjent gått frå å vere kyrkjemusikar til kyrkjeverje, men denne kvelden var han tilbake ved tangentane. Med seg hadde han musikarar frå Konglevoll bedehusband. Tom Ove Lie på gitar og Janne Steinsund på trommer. I tillegg var vår nye kyrkjemusikar Lyder Minde Janøy med på piano og krydra songane med orgellyd og elpiano. Kvelden starta med at Hanne Daae framførte ein nydeleg folketone, Jesus gjør meg stille.

Så vart det mykje allsong før Jostein Hauge og Tom Ove Lie song nokre songar saman med bandet. Takk for ein fin kveld, og takk til alle som kom og var med.



*Oppussing av
gravmonumenter*

Utfører vasking,
rensing
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

VATNE

begravelsesbyrå DAHLS

Tlf: **56 35 09 10** (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsto
vatne-byra.no

GRAVMINNER

Norsk design og produksjon.
Se på utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

FIEDER

NORDHORDLAND
BEGRAVELSESBYRÅ

Varm. Lokal.
Erfaren. Åpen.

Marit K. Haukeland Marita Haukeland Solvi H. K. Mjøs Therese Kvalheim

Tlf: 56 37 14 10 • www.nordh-bb.no • Kyrkjevegen 1, Alversund • Havnevegen 3, Frekhaug

Min Salme



Då eg vart spurd om å finne ein salme så kom songen: Kor stort min Gud at eg ditt barn får vera.

Den står i songboka og den har me sunge mange søndagar på bedehuset opp gjennom åra.

Den er like aktuell i dag for det er stort å vera Guds barn og ha han med både i kvardag og søndag.

At me kan be til han om å leia oss i alt me gjer er trygt i ei tid som denne

Songen begynner med:

*Kor stort, min Gud, at eg
ditt barn får vera,
Og leva i din frie nådepakt!
:/: Det alt er ferdig,
eg skal inkje gjera,
Men bare kvila i det du har sagt. :/:*

*Eg bed deg: Lei du
meg igjennom verda,
Eg er så veik og er i framandt land!
:/: Det mange var som
gjekk seg vill på ferda
Og slepte taket i di frelsarhand. :/:*

*Men visst eg veit:
Du maktar fast meg halda,
Det har du lova i ditt eige ord.
:/: Du visste alt om meg før
du meg kalla,
Og gav meg plass ved nådens
rike bord. :/:*

*Lat meg få sjå på deg
når synda dårar,
Lat meg som barn ditt
faderauga sjå!
:/: Då veit eg visst at gjennom
tvil og fårar
Eg ved din nåde skal til himlen nå. :/*

Sonja Eriksen



Bygdatreff

Bygdatreffet i september vart litt endra på av spesielle grunnar. Men Liv Ulvøy var så tøff at ho raskt tok på seg å fortelja om "Gravminne til å ta vare på." Ho viste bilete av fine gamle gravminne av ulik utsjånad, og knytte ei forteljing til dei.

Rune leia det heile med sin gode humor. Jan spelte og song m.a. Gryta hennar mor og vart akkompagnert av den dyktige organisten vår, Lyder. 43 hadde møtt opp, og kosa seg med kaffi, mat og prat. Neste gong kjem Børge Ryland på besøk. Det blir 29.oktober. Siste bygdatreff før jul blir 26.november kl. 11 – 13.





Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER

Hovudbiblioteket

Tysdag 10 - 15

Onsdag 14 - 19

Fredag 10 - 15



Fonnes filial

Torsdag i oddeltalsveker

10 - 16

Fonnes filial finn du på Kaland skule. Inngang ved den gamle naturfagsalen, i hjørnet mellom skulen og barnehagen.

Følg oss gjerne på Facebook.

GOD BOK



KREFTKOORDINATOR:

Tove Kristin Sleire Tistel

Tlf: 40 90 02 16

Sætremarka 2 -k-hus

Tysdag ,Torsdag

DEMENSKOORDINATOR:

Åshild Sandvin Olsson

Tlf: 96 62 66 56

Sætremarka 2 -K-Hus

Mandag , Onsdag og Torsdag



LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgret.

Legevakt 116117

AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Fra 1. april blir det utvidet telefontid ved legekantoret.

Telefonen vil da opne kl. 08.30 mandag til fredag.

Torsdag er det kl. 09.00 .

Så da blir telefontiden som følger:

Mandag til fredag:

08.30-12.00 og kl. 13.00-14.00,

Torsdag: 09.00-12.00 og 13.00-14.00.

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen /kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 25

Forvaltningskontoret : 56 16 21 42
56 16 21 38

Hørselskontakt i Austrheim 56 16 21 23

Julekonsert



i Austrheim kyrkje
Søndag 07.desember kl. 18.00

Forsongargruppa
Austrheim seniorkor
Tiriltunge barnekor



Bli med og kom i julestemning!

Gratis inngang
kollekt

Treng du nokon å snakke med?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.



22 40 00 40
soschat.no



– Å gje noko til andre gjev like
mykje tilbake, om ikkje meir.

Ove, frivillig i Kirkens SOS i 25 år.



Nye innføringskurs
startar i september.

Bli frivillig på chat og telefon
– og gjer ein forskjell!

Les meir her: kirkens.sos.no/frivillig

